



Alver Kommune - NGIB
Postboks 4
5906 FREKHAUG

Referansar:
Dykkar:
Vår: 23/477 - 23/5381

Sakshandsamar:
Stine Waage
stine.waage@fedje.kommune.no

Dato:
03.11.2023

Svar på tilsynsrapport NGIB brannvern

Eigar, brukar og branninspektør hadde tilsyn i Fedje barnehage 06.10.23. Under tilsynet vart det avdekket manglar som brukar skulle retta opp i og svare tilbake innan 30 dagar.

Avdekket feil/manglar/avvik:

- 1. «Brukar lyt innføre betre rutinar for internkontroll, og implementere kontrollrundar for å avdekke feil og manglar ved branntekniske innreiingar, her under slokkeutstyr, rømningsvegar og brannalarmanlegg. Feil og manglar skal formidlast vidare til eigar.»**

Fedje barnehage har godt innarbeida internkontrollsystem med årshjul for når dei ulike internkontrollane skal bli gjennomgått. På desse var det naudsynt at det også vart lagt inn systematiske rutiner for avdekking av branntekniske innreiingar. Ulike internkontrollar er no oppdaterte slik at dette skal skje jamnleg gjennom året, og dokumenterast at det blir gjort. Ved oppdaging av feil vil det bli notert ned tiltak, kven som skal utføre tiltaka og når dei må bli gjort. Eit av tiltaka kan vere å formidle dette vidare til eigar. Oppdaterte internkontrollar vart gjennomgått på felles personalmøte 10.10.23.

- 2. «Brukar lyt oppdatere evt utarbeide eigen ROS analyse for sikker drift. Det skal fastsettast tidsplan for når dette arbeidet skal starte og korti det forventas ferdig. Tidsplan skal sendast til NGIB for godkjenning.»**

Ros analyse for barnehagen må utarbeidast. 19.10.23 var dette tema i oppvekstmøte, og arbeidet vil starte i løpet av vinter 2023. Det skal vere nytt oppvekstmøte 09.11.23 der me skal avklare kven som skal delta i arbeidsgruppa, og dei vil bli kalla inn til første møte i løpet av november 23. Saman med denne gruppa vil det bli laga nærare tidsplan for det kommande arbeidet, og det er forventa å vere ferdig i løpet av våren 2024.

Etter samtale med Gjert Holtan, Branninspektør for Fedje, er det avtalt at han skal rettleie oss i dette arbeidet. Gjert Holtan vil bli invitert til ulike arbeidsmøter med ROS analysa for barnehagen.

Andre merknadar:

- 1. «.. Litt utfordringar med barnevogner og kor dei vert plassert, her bør leiar og tilsette finne tenelege løysingar utan å sperre for rømningsvegane. Det bør og utarbeidast ein instruks for dette.»**

Barnehagen har nytta garderobe til oppbevaring av sovevogner til borna, dette av reint praktiske løysingar. Leiar og tilsette har hatt ein gjennomgang på dette og har no funne ei alternativ løysing til dette. Barnehagen har store dusjrom som ikkje vert nytta som leikeareal, og me vil nytta ei av dei til oppbevaring av vogner på dagtid. Eventuelle rømningsvegar vil ikkje lenger vere sperra grunna barnevogner, og det er derfor ikkje laga egen instruks for korleis me skal setje opp vogner i garderobe.

Med helsing

Stine Waage

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Alver Kommune - NGIB

Postboks 4

5906

FREKHAUG